



Skjåk kommune

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår ref Dykker ref: Saksbehandlar Dato
2017/6/4/033 «REF» Andrea Brennhaug 21.03.2017

andrea.brennhaug@skjaak.kommune.no

Referat fra møte i Brukarrådet den 17. mars 2017

Møtestad: Kommunestyresalen

Alle møtte

Referent: Andrea Brennhaug

Sakliste:
Sak nr. 5/17: Orienteringssak ved Gudrun Teigen
<ul style="list-style-type: none">- Rutiner og avtaler – hjelpemiddlar- Avlasterdomen den 23. juni 2016. Kva for konsekvensar har dette for Skjåk.
Sak nr. 6/17: Orienteringssak ved Eli Johanne Lundemo og Per Dagsgard
Sak nr. 7/17: Konferanse 18. og 19. april 2017
Sak nr. 8/17: Betalingsautomat på legekontoret
Sak nr. 9/17: Årsmelding og rekneskap 2016
Eventuelt

Sak nr. 5/17

Hjelpemiddel-

Gudrun Teigen orienterte om administrering av hjelpemiddlar. Det er ergoterapeut og i tillegg ein dag i veka for Karin Aune Ulen som har ansvar for tenesta. Dei avlastar kvarandre ved fråvær, og Gudrun meiner at tenesta har vorte styrka. Det foreligg ei avtale om reparasjonar av hjelpemiddla, men det er ingen ressurs i vaktmesterlaget til dette – ein må kjøpe teneste. Dette blir og gjort hos private og andre bedrifter, det trengst ein del spesiell kompetanse for reparasjonar av ein del hjelpemiddlar. Det blir derfor sendt ein del til hjelpemiddelsentralen. Gudrun Teigen understreka at ho gjerne ville få beskjed dersom det var noko som ikkje fungerte.

Postadresse
Moavegen 30
2690 Skjåk

Heimeside
www.skjaak.kommune.no
E-post
post@skjaak.kommune.no

Telefon
61217000

Bank
2085.07.40004
Org.nr
961381096



Avlasterdomen-

Gudrun Teigen orienterte om domen, og sa at ho kjende til han, men at hennar teneste ikkje har tilsette som går på slike arbeidskontrakter i dag. Ho sa og at ho ikkje kjende til korleis det var i barneverntenesta, da dei og nyttar avlastarar.

Sak nr. 6/17

Eli Johanne Lundemo og Per Dagsgard orienterte. Sentrumsplan kjem truleg på høyring rundt fyrste mai. Dei er svært interreserte i innspel frå Brukarrådet.

Sjå vedlegg.

Sak nr. 7/17

Monica Wegner og Mari Langleite Barrusten vert påmelde.

Sak nr. 8/17

Brukarrådet meiner at betalingsautomaten på legekontoret er lite brukarvenleg og at plasseringa ikkje er god.

Det er svært lite, og lite synleg informasjon på legekontoret. Veit folk kvar dei skal henvende seg ved prøvetaking? Korleis skal dei betale for timane sine? Det bør vera skilt/plakatar som er godt synlege og med stor skrift, der pasientane får veiledning om rutiner på legekontoret.

Sak nr. 9/17

Brukarrådet gjekk igjennom årsmelding og rekneskap for 2016. Budsjettet til Brukarrådet er svært lite, og rådet stiller seg tvilande til at dei har ressursar til å uttale seg i alle sakene som dei skal uttale seg i, det er ikkje alltid like lett å samle slike saker, da det ofte er ein høyringsfrist. Brukarrådet har pengar til berre 6. møter i året, da har ein ikkje pengar til utbetaling av tapt arbeidsforteneste til medlemmane. Rådmannen vart varsla om dette, men budsjettet har ikkje vorte auka. Leiar vil ta ein prat med rådmannen om budsjettet for 2017.

Leiar i Brukarrådet vil ta kontakt med leiar i Eldrerådet ang. felles saker og felles møter, slik dei er oppfordra til.

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

Kopi til:
Svein Holen